



## **Uttale frå Alver Kulturråd, tildeling av tilskot til kulturprosjekt**

Alver Kulturråd vil peika på den store differansen mellom omsøkte midlar på kr 1.506.707 og tildelte midlar på kr 174.000. Omsøkte midlar synar at Alver kommune har ein rik og mangfoldig kulturaktivitet i kommunen.

### **Generelt**

Ordninga skal støtte prosjekt innan kulturfeltet, opne arrangement og innkjøp av utstyr knytt til prosjektet. Produksjonsstøtte kan gjevast til utøvarar innan kulturfeltet, som kan vise til inngått avtale med velrenomerte visningsstadar for kunst, konsertlokale, plateselskap, forlag og liknande. Produksjonsstøtte skal gå til kostnadane ved prosjektet, men ikkje eigen løn.

Tilskot er behovsprøvd og kan eventuelt gjevast som underskotsgaranti. Underskotsgaranti til arrangement skal søkjast i forkant.

Kommentarar til enkelte prosjekt :

### **Den eritreiske Foreining kr 6000**

Alver Kulturråd stiller spørsmål om dette er eit kulturprosjekt og om dette er eit ope arrangement. Tildeling til dette prosjektet vil etter vårt syn kunne skape ein presedens noko me meiner er uheldig. Kulturrådet meiner dette prosjektet ikkje høyrer heime under kulturbudsjetten. Kulturrådet ber om at utvalet ser på om dette prosjektet kan støttast via andre budsjett.

### **Somalisk råd i Vestland kr 3000**

Alver Kulturråd ser det som ein forutsetning at dette er eit lokalt arrangement som er ope for alle, dersom det skal gjevast midlar til i Alver Kommune

### **Somalisk råd kr 5000:**

Midlar til lokale til trening og utstyr, meiner Alver Kulturråd ikkje er i tråd med kriteria for tildeling. Tildeling til dette prosjektet vil etter vårt syn skape ein presedens noko me meiner er uheldig. Kulturrådet meiner dette prosjektet ikkje høyrer heime under kulturbudsjetten. Kulturrådet ber om at utvalet ser om dette prosjektet kan støttast via andre budsjett.

Alver Kulturråd ber om at **kr 14.000** som då er til overs, vert omfordelt til søkerar som stettar krava til tildeling av tilskot til kulturprosjekt

Alver Kulturråd

Ivar Hopland ,Leiar

